



«FOR VENNSKAP – MOT MOBBING»

BARNEHAGANE I GLOPPEN

Mars 2016



Innhold

Forord

Barnehagelova § 1. Formål.....	2
Mål.....	3
Hovudmål:	3
Delmål:	3
Definisjon på mobbing	3
Førebyggjande arbeid.....	4
Tiltak når mobbing blir oppdaga	5
Litteratur, verktøy og metodar.....	7



Forord

Gjennom Manifest mot mobbing (2010 – 2014) forpliktar alle tilsette i barnehagane i Gloppen seg til å arbeide aktivt for eit godt oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

I utviklingsplanen for 2014 – 2020 har barnehagane i Gloppen mellom anna valgt å arbeide med tema **folkehelse**. I arbeidet med dette emnet, kom tanken om ein handlingsplan mot mobbing i barnehagen opp.

Vi fekk tak i Handlingsplanen skular og barnehagar i Vågsøy kommune nyttar. Mykje kunne nyttast i utarbeidinga av ein plan for vår barnehage, og med utgangspunkt i planen for Vågsøy kommune tok så det konkrete arbeidet med handlingsplan for Gloppen barnehagane til. I løpet av barnehageåret 2015/ 2016 vart det arbeidd med planen på langdagane både i grupper og plenum, samt i leiargruppa.

Det var og viktig at plan mot mobbing i barnehagen også samsvarar med arbeidet i skulen. Delmåla i denne planen er difor like måla i handlingsplanen til Sandane skule.

Planen tek utgangspunkt i at born og vaksne saman ivaretek og påverkar samhandlingsmønsteret til beste for fellesskapet. Planen legg til grunn at åtfërda til dei vaksne som aktive førebilete er eit av dei viktigaste verkemidla i samhandling med born. Det viktig at alle vaksne rundt enkeltbarnet, både foreldre og barnehagetilsette, er bevisst på at **mobbing er dei vaksne sitt ansvar!**

Det er vår von at denne planen skal hjelpe oss til å arbeide meir målretta med å auke den sosiale kompetanse til både barn og vaksne ved barnehagane i Gloppen slik at barnehagane kan bli ein god stad å vere.

Barnehagelova

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.» (§ 1 Formål)



Definisjon på mobbing

Det er når ein person blir mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gongar og over lang tid blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar (Olweus, 1993).

For å kunne snakke om mobbing må det vere ein viss ubalanse i styrkeforholdet: den som blei utsatt for dei negative handlingane, har vanlegvis ikkje så lett for å forsvare seg og kan vere hjelpelaus overfor den eller dei som plagar ham eller henne (Olweus, 1992).

Kjenneteikn:

- Sosialt: Blir halden utanfor, ikkje få vere med i gruppa
- Fysisk: Blir slått, sparka eller lugga
- Verbalt: Får kallenamn, blir snakka stygt til
- Materielt: Får øydelagt kle og eigendelar
- Psykisk: Blir trua eller tvinga til å gjere noko
- Digitalt: Vert hengt ut på sosiale media

Mål

Hovudmål:

At alle føler seg verdsatt, og får høve til å delta i leik og aktivitetar med andre barn.

Delmål:

At alle barn trivast og kjenner seg trygge i barnehagen.
At alle barna har minst ein venn.

Empati

Born skal bli i stand til å:

- Gjenkjenne og skilje mellom egne og andre sine kjensler
- Ha respekt for andre sine kjensler og synspunkt
- Sjå ting frå ein annan synsvinkel
- Lytte og kunne leve seg inn i det andre fortel
- Kunne kommunisere

Samarbeid

Born skal bli i stand til å:

- Hjelp, dele og vise omsorg
- Samarbeide, inkludere og ta ansvar
- Følgje reglar og beskjedar
- Forhalde seg til autoritetar

Sjølvkontroll

Born skal bli i stand til å:

- Beherske sinne og å kompromisse
- Tåle frustrasjon, for eksempel å måtte vente på tur og meistre det å vere skilt frå nære omsorgspersonar
- Kunne gi seg og innrømme feil og tåle å tape
- Vurdere og planleggje eiga åtferd



Sjølvhedding

Born skal bli i stand til å:

- Gi uttrykk for og ta omsyn til egne meiningar og behov
- Ta kontakt på ein akseptabel måte, bli med i leiken og samværet
- Markere seg sosialt på ein positiv måte
- Kunne be om informasjon
- Vere uavhengig når det er nødvendig og stå mot venne- og gruppepress

Problemløysing

Born skal bli i stand til å:

- Finne løysingar på konflikter
- Vurdere løysingar og konsekvensar av handlingsalternativ
- Prøve ut løysingar

Humor og glede

Born skal bli i stand til å:

- Føle glede, kunne spøke, vere avslappa og ha det moro
- Vere spontan, la seg rive med i leik og andre aktivitetar
- Vise humoristisk sans og ha evne til begeistring
- Glede seg over positiv merksemd frå andre
- Føle glede over eiga og andre si meistring
- La seg rive med i leik og skilje leik frå andre aktivitetar

Førebyggande arbeid

- **I arbeidet med barna:**

Ha fokus på kvardagslukke, ta oss tid saman med barna slik at vi kan oppleve nye ting. Kvardagslukke saman med barn kan vere når dei akar og det kilar i magen, hoppar og plaskar i ei kjempe søyle eller skumme med zalo. Ha fokus på sosial kompetanse og vennskap og bruke pedagogiske og metodiske opplegg. For å oppleve glede må ein vere glad i seg sjølv og mykje av arbeidet handlar om å utvikle ein god sjølvkjensle hos barna. Vi vaksne må ha evne og vilje til å vere støttespelarar i barns leik og støtte dei i leiken.

- Fast tema gjennom året vennskap/sosial kompetanse, og bruke det i alle situasjonar.
- Barna må få vere med og utarbeide reglar på korleis vi skal vere mot kvarandre.
- Faste rutinar der ein fokuserer på korleis barnet har det i barnehagen med tanke på vennskap og trivsel.
- Dele barnegruppa i mindre grupper så ofte som mogleg slik at ein kan «fange opp»
- Kontinuerleg observasjon av sosialt samspel
- Styrke sjølvkjensla hos barna ved å bekrefte og oppmuntre positiv åtfærd, finne løysingar saman med dei



- **I samarbeidet med foreldra**
 - Ta opp «Plan mot mobbing» på foreldremøte kvar haust
 - Vennskap som eit fast punkt i foreldresamtaler kvar gong
 - Lav terskel for å ta kontakt med barnehagen ved mistanke om mobbing
 - Spørjeundersøkingar/brukarundersøkingar.
 - Avklare forventningar foreldra har til barnehagen

- **I personalgruppa:**
 - Vere gode, bevisste rollemodellar/ omsorgspersonar, tydelege vaksne
 - Vere tilstades i alle situasjonar, vere lyttande vaksne, anerkjennande og støttande, gi ros til barn og vaksne
 - Jamnleg kursing av personalet, vite kva vi skal sjå etter, diskusjonsgrupper
 - Lav terskel for å ta kontakt med foreldre når det oppstår situasjonar
 - Vere konsekvente i høve til uakseptabel åtferd
 - Setje tydelege og forståelege grenser
 - Avklare forventningane til foreldra
 - Personalet skal årleg evaluere sitt arbeid mot mobbing

- **Forventingar til heimen**
 - Lytt til og ta signal frå barnet på alvor- ikkje vent!
 - Møt opp på foreldresamtaler og møte som barnehagen kallar inn til
 - Snakk med barnet om barnehagekvardagen
 - Følgje opp det førebyggjande arbeidet i barnehagen og vidareføre heime.
 - Delta på spørjeundersøkingar/brukarundersøkingar i regi av barnehagen.
 - Vere tydelege vaksne, der ein set grenser i høve til akseptabel åtferd
 - Vere merksam på korleis personalet, andre barn og andre foreldre vert omsnakka. Ha ei positiv haldning ovanfor andre.



Tiltak når mobbing blir oppdaga

Målet er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, samt å bidra til at barna får trygge oppvekstvilkår.

	AKTIVITET/SKILDRING	ANSVARLEG	FRIST
1.	Det oppstår ei bekymring. Drøftast med pedagogisk leiar Styrrar vert informert.	Den som eig bekymringa	Straks
2.	Dersom bekymringa vert teken på alvor, vert det laga eit internt arbeidsnotat. Arbeidsnotatet er konfidensielt og skal oppbevarast etter gjeldande reglar. (Kommunen har eigne reglar for arkivering)	Pedagogisk leiar	Straks
3.	Styrrar og pedagogisk leiar avgjere om det er akutt. Styrrar og pedagogisk leiar vert samde om kva som skal gjerast vidare.	Pedagogisk leiar Styrrar	Straks
4.	Ved fortsatt grunn for bekymring: Starte opp og gjennomføre systematisk observasjon. Dette er viktig som grunnlag for vidare arbeid, og som grunnlag for ei eventuell foreldresamtale.	Pedagogisk leiar	Gjennomført innan fire veker frå bekymring.
5.	Gjennomføre samtale med foreldra til den som vert mobba og den som mobbar (kvar for seg), der ein tek opp bekymringa. Eventuelt avtale om ein skal ha eit samarbeid med andre faggrupper. Samtala skal dokumenterast ved referat, eventuelt informert samtykkeskjema fylles ut.	Pedagogisk leiar	Straks
6.	Gjennomføre systematiske tiltak i forhold til bekymringa. Dette skal skje i samarbeid med foreldra. Heim og barnehage set felles fokus. Registrere, skrive logg.	Pedagogisk leiar Personale	Gjennomført innan 4 veker frå bekymring.
7.	Tiltak i barnehagen i nært samarbeid med foreldra	Pedagogisk leiar Personale	Gjennomført innan 6 veker frå bekymring.



Litteratur, verktøy og metodar

Faglitteratur for personalet:

Manifest mot mobbing (2010 -2014)
Kari Lamer : Sosial kompetanse. Teoribok, handbok.
Myrna B. Shure: JEEP (Eg er en problemløser)
Berit Bae: Det interessante i det alminnelige
Reidar Pettersen: Mobbing i barnehagen
Jesper Juul: Det kompetente barn
Jesper Juul: Fra lydighet Til ansvarlighet
Jesper Juul: Diverse videoar
Ingrid Lund: De er jo bare barn.
Utdanningsdirektoratet: Barn sin trivsel – Vaksne sitt ansvar
Kari Pape: Fra ord til handling – Fra handling til ord
Helle Høyby og Anja Trolle: Stopp ertingen - arbeid med inkluderende miljøer i barnehagen av.

Aktuelle verktøy:

TRAS- tidlig registrering av språkutvikling
ALLE MED- kartlegging
Praksisfortellinger fra barnehagen.
Kari Papes fargeleggingsmetode.
Veiledning.
Kari Lamer - Du og jeg og vi to
Foreldreveiledning
Dialogspill med påstander for drøfting
Dramatisering
PALS

Litteratur for barn i barnehagealder

Tor Åge Bringsværd: Karsten liker å danse
Tor Åge Bringsværd: Ruffen – sjøormen som ikke kunne svømme
Tone Lie Bøttinger: Min storebror apen
Paul Leer Salvesen: Fy Fabian
Ann De Bode: Det er alltid meg de skal ta
Lena Klefeldt: Otto og Joppa
Mats Wånblad: Lilleving
Ulf Nilsson: Den lille gutten og løven
Per Christian Jersild: Hymir
Kari Saanum: Herr Alkabars nese
Gunn-Britt Sundstrøm: Gutten i supermanddrakten
Else Færden: Den stygge drageungen
Birgitta Stenberg: Billy og sinte Lotta
Birgitta Stenberg: Bjørn drar på landet
Gunder Andersson: Martins sommer
Trond Brønne: Petter og månen
Eva Eriksson: Stures nya jacka
Gunilla Bergström: Albert og udyret
Gunilla Bergström: Hvem kan redde Albert Åberg?
Ursula Kirchberg: Selim og Susanne
Egon Mathiesen: Katten med de blå øynene
Mette Cecilie Newth: Lille Skrekk
Ti små vennebøker om pinnsvin og haren, Aschehoug
Venner, 10 store bøker, barnekonvensjonen, Aschehoug
Eventyret Den stygge andungen

Aktuelle nettsider

udir.no
barnehageforum.no
atferdssenteret.no
fubhg.no



REFERAT FRÅ MØTE VEDRØRANDE MOBBING I BARNEHAGEN

Merk: Skjemaet skal ligge i barnet si mappe. Kopi til føresette.

Møtedato:

Til stade på møtet:

Sak	Tiltak	Ansvar

Dato oppfølgingsmøte: _____

Dato: _____ Underskrift føresette: _____

Underskrift pedagogisk leiar: _____

Føresette sitt namn

Dato



Adresse

VEDTAK OM TILTAK

Bakgrunn (fakta om situasjonen basert på samtale/undersøking/observasjon):

Tiltak (kva vil barnehagen gjera?). Omfang, organisering og mål.

Ansvar (kven gjer kva). Inkl samarbeid med heimen framover.

Tidspunkt for evaluering.

Med helsing
styrar

..



Sjekkliste i høve til dei vaksne sitt forhold til barna:

Spørsmål	JA - alltid	JA - ofte	Nei - sjeldan	Nei- aldri
Er vi i vår barnehage anerkjennande og støttande i høve til barna sine initiativ?				
Vert alle barn lagt merke til i like stor grad, uavhengig av om dei er innadvente eller utadvent?				
Får enkelte barn jamnleg meir positiv merksemd av oss enn andre?				
Kan ein sjå eit «mønster» i at vi har lettare for å tru på nokre barn si forklaring av konflikhtar enn andre?				
Får nokre barn oftare negativ merksemd av oss enn andre barn?				
Er det barn vi oftare tek kontakt med, eller set i gang aktivitetar saman med enn andre?				
Vert alle barna involvert i fellesskapet, t.d. i samtalen ved måltid, i samlingar og gruppeaktivitetar?				
Er det barn i gruppa vi tek lite kontakt med, og sjeldan tek initiativ til aktivitetar saman med?				
Vert enkelte barn raskare avbrotne eller avvist av oss enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Har vi større tolmod med enkelte barn i gruppa, når det gjeld å følgja dei opp, og hjelpe dei?				
Er alle medvetne om at barn ikkje alltid greier å skilje spøk og ironi?				
Er miljøet i barnehagen prega av omsorg, anerkjenning, varme og respekt?				
Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling mellom kven som bestemmer og kven som får vera med?				
Er det ein trygg og avslapp tone i barnehagen, som er prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				



Observasjon av miljøet i barnehagen

Spørsmål	JA - alltid	JA - ofte	Nei - sjeldan	Nei- aldri
Er miljøet prega av gjensidig omsorg, anerkjenning og varme?				
Er miljøet prega av mykje erting og kritiske kommentarar til og om kvarandre?				
Er miljøet i hovudsak inkluderande?				
Er miljøet prega av ofte ekskludering av enkeltbarn?				
Er samspelet barna imellom prega av likeverd?				
Er det ein trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede over barnas meistring?				